

Hege Salte
Kristine Åsbø
Signy Refsnes
Jan Gunnar Mattingsdal
Ellen Marie Stokka
Anne Birgitte Lillebø Bøe
Tron-Arild Grødem

Nærbø 20.september 2023.

Forfall: Stig Hobberstad

Referat frå FAU møte 19.september 2023.

- 13/23 Godkjenning av innkalling og saksliste.**
Innkallinga og sakslista godkjent utan merknader.
- 14/23 Godkjenning av referatet frå møtet 09.05.2023.**
Referatet godkjent utan merknader.
- 15/23 Konstituering av FAU 2023-2024.**
Leiar: **Signy Refsnes**
Nestleiar: **Hege Salte**
Møter i skulestyret til Tryggheim skular: **Stig Hobberstad**
Vara representant til skulestyret: **Ellen Marie Stokka**
FAU representantar utan styreverv: **Jan Gunnar Mattingsdal**
og **Kristine Åsbø**
Referent: **Tron-Arild Grødem**
- 16/23 Generell informasjon**
- Elevtalet er 288 per 20.09.2023. (Godkjent for 288.)
 - Turar:

| | |
|----------|---------------------|
| Horve | 8.trinn |
| Maurhodl | 10.trinn |
| Håtangen | 10.trinn |
| Oktober | Evjetun for 9.trinn |
 - Misjonsprosjekt – Aust Afrika – Kenya.
Bistand
 - Bangale – vatn

- Sjøppelrydding
- Helse og hygiene
- Leseopplæring

Evangelisering

- Arven etter Adam
- Sensitivt arbeid

Misjonsfest onsdag 27.september. Alle velkomne.
Pliktig oppmøte for elevane.

- Skulen har i fleire år hatt elevar som har hatt ein alternativ opplæringsarena. Det er ei ordning som me har opplevd å gje gode resultat for elevane. (Omfanget har vore 2 til 3 økter per veke for elevar som har ulike utfordringar.) Nå har det kome ei presisering frå utdanningsdirektoratet som seier at det er berre elevar som har ei sakkunnig vurdering der det står at eleven kan ha alternativ opplæringsarena + eit enkeltvedtak som støttar opp om denne vurderinga som kan føra til at elevar får ha ein alternativ opplæringsarena.

Vedtak i sak 16/23

FAU oppmodar skulen til å gje variasjon i undervisninga til elevar som treng det for å betra læringsutbyttet. Dette kan blant anna vera i form av at enkelte elever kan få gå ut av timen og få alternativ til ordinær undervisning så langt som råd.

17/23

Årsmelding 2022-2023.

Det vart orientert om Årsmeldinga for 2022-2023.

Årsmeldinga gir eit bilete av både historikk, elevutvikling, ramar og lokalar, personale, undervisning, praksisskule, organisering og misjonsprosjekt. Siste året samla ein inn 458.000 kroner til misjonsprosjektet. Totalt har skulen samla inn sidan 2005 godt og vel 4,6 millionar kroner til misjonsprosjekta.

18/23 Handlingsplanen for eit trygt og godt skulemiljø + Sosialpedagogisk plan.

Det vart orientert om handlingsplanen for eit trygt og godt skulemiljø + den sosialpedagogiske planen for Tryggheim ungdomsskule. Det daglege fokus er førebygging på ulike områder.

19/23 Møtedatoar for FAU 2023-2024

- Tysdag 19.september 2023
- Tysdag 5.desember 2023
- Tysdag 6.februar 2024
- Tysdag 7.mai 2024

20/23 Eventuelt

- Det vart teke opp om det var mogleg for skulen og stenga nettet for elevar som hadde vurderingar. Det vart og stilt spørsmål om det var mogleg for skulen og «overvåka» arbeidet som elevane gjer på PC under vurderingssituasjonane. Både Øygarden ungdomsskule og Bryne vidaregåande skule har ulike ordningar gjennom Google clasroom og Teams.

Referent: Tron- Arild Grødem